

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 07.06.2022
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim og Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning i Helse Førde**
ARKIVSAK: 2022/2554

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.06.2022

STYRESAK:
040/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om forskning til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport om forskingsaktiviteten i Helse Førde. Vedlagt utfyllende rapport med rapportering av aktivitet 2021 og status første halvår 2022.

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Føretaket har ei pågåande målretta og systematisk opptrapping av ressursbruk til forskning dei seinare åra, som syner resultat i form av auka aktivitet. Opptrappinga vil halde fram dei komande åra, med fokus på tre sentrale innsatsområde: Kliniske behandlingsstudiar, ei ny strategisk satsing i mindre føretak i regi av Helse Vest, og ei ny tematisk forskingssatsing i Helse Førde; PERSONFORSK.

Fakta

Forskningsaktiviteten i helseføretaka vert målt ved publikasjonspoeng, avlagde doktorgradar, deltaking i klinisk behandlingsskaping, midlar brukt til forskning på eige budsjett og eksterntfinansierte forskingsmidlar. Føretaka rapporterer til ulike nasjonale organ på dette.

I 2021 er det registrert 38 vitenskaplege publikasjonar og tre antologikapittel. Dette gjev totalt 27,29 publikasjonspoeng for HFD. Tal publikasjonar og publikasjonspoeng har vore ganske jamt dei seinare åra, med ein liten auke i 2021. 24 prosent av artiklane er på nivå 2, som er litt under gjennomsnittet for norske institusjonar. Nivå 2 omfattar tidsskrift og forlag med høgast internasjonal prestisje og gir ekstra utteljing i poengsystemet for vitenskaplege publikasjonar.

Kliniske behandlingsstudiar


Kliniske behandlingsstudiar (KBS) er studiar som vert utførte på menneske som undersøker verknader av legemiddel, andre behandlingsskapingar eller utstyr. Dei fleste kliniske behandlingsskapingar er legemiddelstudiar, som anten er initierte av forskarar eller av næringslivet. Det er eit nasjonalt mål å gje fleire pasientar høve til å delta i utprøvande behandling gjennom kliniske behandlingsskapingar¹.

I 2019 blei følgjande nasjonale indikatorar inkludert i grunnlaget for tildeling av forskingsmidlar frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) til RHFa:

- Tal nye rekrutterte pasientar som er blitt inkluderte i KBS
- Tal KBS eit sjukehus koordinerer

Begge desse indikatorane gjev såkalla «KBS-poeng». Figuren under viser tal nye pasientar inkludert i KBS i Helse Førde i perioden 2017-2021.

¹ <https://www.cristin.no/behandlingsstudier/>



Data er henta frå rapporteringar i www.cristin.no, samt kartlegging hos lokale prosjektleiarar. Den kraftige nedgangen i 2019 og 2020 skuldast i hovudsak at fleire studiar avslutta opptak av nye pasientar, og at det ikkje er starta opp nye studiar som rekrutterer eit høgt tal deltakarar. Oversynet seier ikkje noko om kor mange pasientar som *er deltakarar i pågåande KBS*. Både behandling og oppfølging kan gå over fleire år.


Tabellen under viser oversikt over kor mange kliniske behandlingsstudiar som hadde første inklusjon av pasientar kvart år i perioden 2015-2021. Med så små tal vil det vere naturlege variasjonar frå år til år.

Tal kliniske behandlingsstudiar som hadde første inklusjon av pasientar det aktuelle året							
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal kliniske behandlingsstudiar	1	1	8	2	0	2	5

Midlar brukt til forskning

I HFD sin strategi for forskning og innovasjon 2020-2025 er målet at innan 2025 skal 1,2 prosent av totalbudsjettet nyttast til forskning. Det har vore ei auke i prosentdel av basisramma som nyttast til forskning, frå 0,4 prosent i 2018 til 0,5 prosent i 2021.

Figuren under framstiller utviklinga i midlar nytta til forskning i HFD i perioden 2014 til 2021. Den viktigaste finansieringskjelda under «andre eksterne kjelder» har dei siste åra vore Norges Forskningsråd.



Tematiske forskingsatsingar i Helse Førde

Helse Førde har to tematiske forskingsatsingar; folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og psykisk helse og rus (PHR). Årsrapportar for 2021 ligg vedlagt saka. Gruppene er felles for Helse Førde(HFD) og Høgskulen på Vestlandet(HVL) organisert gjennom Helseforskning Sogn og Fjordane, og fleire i gruppene har delte stillingar mellom HVL og HFD. I 2021 har det vore særleg stor prosjektutviklingsaktivitet der det er blitt sendt søknader om forskings- og innovasjonsprosjekt til ulike eksterne kjelder. Nokre andre oppsummerande punkt frå 2021:

Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO)	Psykisk helse og rus (PHR)
Ni vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med Helse Førde -adresse	12 vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med Helse Førde - adresse.
Medlemmar frå alle klinikkane samt stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte frå andre institusjonar.	Medlemmar frå PHV og stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte medlemmar frå andre institusjonar.
Tre doktorgradsstipendiatar, ein postdoktor. Ein disputas.	Tre doktorgradstipendiatar, to postdoktorar. To disputasar.

Status søknader

Interne søknader: Tilsette i Helse Førde har samla sendt inn 13 søknader om forskingsmidlar til bruk i 2022. Dette omfattar opne midlar og midlar knytt til forskingsatsingane. Ni søknader har hittil fått tildelt midlar.

Alle klinikkar utanom drift og eigedom har fått tildelt midlar. Det har i fleire år vore ei målsetjing å få opp talet søknader frå medisinsk og kirurgisk klinikk, og at fleire legar søker. Sett over tid har det vore ei positiv utvikling på området.

Søknader til Helse Vest: Til den årlege søknadsfristen om ope utlyste midlar i Helse Vest 15. september 2021 vart det sendt inn seks søknader frå Helse Førde. Alle søknadene var doktorgradsprosjekt. To av søknadene var frå kirurgisk klinikk, to frå PHV og ein frå høvesvis

medisinsk klinikk og stab og støtte. PHV fekk tildeling til prosjektet “Opening up and working with emotions in psychotherapy: a qualitative micro-process study of patients’ experiences”. Fire andre søknader vart vurderte som støtteverdige, men nådde ikkje opp i konkurransen om midlar.

Helseatlas

Helseatlas-teamet har sett på variasjon innan gitt somatisk behandling ved psykisk lidning og rusliding. Arbeidet har blant anna blitt presentert i møte med HOD der temaet var arbeid med kvalitetsmålingar og kunnskap innan psykisk helse og rus. Det vert no arbeidd med nytt atlas; «Helseatlas fedme, diabetes type 2 og hjartesyjukdom. Her undersøker ein variasjon i bruk av tenester i spesialisthelsetenesta og hos kommunal legeteneste for tre pasientgrupper med tilstandar som er sterkt assosierte.

For å kunne utføre oppdraget som helseatlasteneste er ein avhengig av tilgang til Norsk pasientregister (NPR) og Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR) frå Helsedirektoratet. Det vert arbeidd med å få tilgang på data via Helse Vest RHF, og ein vil dermed unngå den tidkrevjande prosessen med søknad om utlevering av data per prosjekt.

Samhandlingsbarometeret

Samhandlingsbarometeret lanserte i mai 2022 ny landsdekkande løysing; [Samhandlingsbarometeret](#). Dette inneheld rapportar for heile Norge, dei regionale helseføretaka med tilhøyrande føretak og kommunar (og nokre stader bydelsnivå) i opptaksområda. Databasen skal vere eit verktøy for og i samhandlinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta, samt kjelde til informasjon for fagfolk og interesserte innan helse, politikk og samfunnsplanlegging.

Løysinga skal presenterast for alle RHFa med tilhøyrande føretak og opptakskommunar, og det vil bli gitt høve til å komme med innspel om bruk og behov for nye indikatorar. Det skal framover leggst inn data for dei pasientgruppene som helsefelleskapa skal prioritere. Arbeidet skjer i dialog med Helsedirektoratet og dei andre RHFa om utval av indikatorar og bestilling av ferdige datauttrekk frå Helsedirektoratet knytt til helsefelleskapa.

Kommentarar

Forskning og innovasjon inngår i eitt av tre hovudmål i styringsdokumentet for 2022.

“Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgande hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. **Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik**
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp»

Det står nærare om forskning og innovasjon:

«Eit helsetilbod i verdsklasse blir utvikla gjennom forskning og innovasjon i samarbeid med fagmiljø i næringslivet og akademia nasjonalt og internasjonalt. Auka bruk av helsedata i helseforskning skal leggast vekt på og det skal stimulerast til kliniske studiar, helsetenesteforskning, forskingsbaserte kvalitetsforbetringsprosjekt, innovasjon og næringslivssamarbeid. Offentleg finansiert forskning skal gjerast tilgjengeleg og resultat frå studiar skal rapporterast. I Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar er det uttrykt at klinisk forskning skal vere ein integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling. Oversikt over aktive kliniske studiar på helsenorge.no skal vere oppdatert og gi god informasjon til helsepersonell og pasientar.»

Styringsdokumentet angir vidare som mål at i kvart helseføretak skal tal nye kliniske behandlingsstudiar som inkluderer pasientar skal ha auka med minst 15 prosent i 2022 samanlikna med 2021.

Både fleire nye forskingsentra for klinisk behandling, NorTrials og EnVeiVest vil føre til fleire førespurnader om deltaking i kliniske studiar. Føretaket må ha gode rutinar for å svare ut førespurnader effektivt, og etablere naudsynt mottakarapparat for deltaking i fleire studiar. Helse Førde må følgje med på og delta på utviklinga nasjonalt og regionalt og legge til grunn desse føringane i sitt arbeid lokalt. EnVeiVest er eit regionalt tiltak for å samkøyre helseføretaka i Helse Vest, og gjere det lettare for industrien å komme i gang med kliniske oppdragsstudiar i regionen. Ein har vurdert kva oppgåver som kan organiserast som regionale løysingar, kva behov der er for regionale nettverk og korleis sikre god kommunikasjon på tvers av føretaka. Direktørmøtet i HV skal gjere vedtak i saka før sommaren 2022.

Nasjonalt er det nyleg etablert eitt [NorTrials-senter](#) på kvart universitetssjukehus, med tematiske satsingsområde som kreft, hjarte-kar sjukdomar og medisinsk utstyr. NorTrials er eit partnerskap mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet, og fagleg tema for kvart senter er valt ut i samarbeid med næringslivet. [Forskningscentre for klinisk behandling](#) er også ei ny nasjonal ordning, der fleire senter er under oppstart. Den primære oppgåva til sentra er å gjennomføre ei breidde av kliniske studiar. HFD er samarbeidspart i fleire studiar som inngår i desse sentra.

Helse Førde har starta med å byggje system, kompetanse og ressursar rundt kliniske studiar. Kreftavdelinga har auka personalressursen vesentleg grunna fleire studiar under oppstart. Dei har no tilsette som jobbar som studiesjukepleiar i store delar av stillinga si, og dette gjer miljøet meir robust. I 2020 var det to nye studiar som rekrutterte pasientar i Helse Førde, medan det var fem slike studiar i 2021 (tre ved kreftavdelinga og to ved ANRR). Målet i styringsdokumentet vart dermed oppfylt.

I både kliniske studiar, dei strategiske forskingsatsingane og i forskinga elles, er eit utviklingstrekk at forskning, innovasjon og forbetring av pasientbehandling og tenester i større grad enn tidlegare vert kopla saman. Dette viser også att i innhaldet i fleire av dei vitskapelege publikasjonane. Samtidig fordrar dette arbeidsinnsats frå forskarar, fagtilsette, leiarar og støttesystem. Det omfattar mellom anna kompetanse- og organisasjonsutvikling

og tilpassa infrastruktur. Dette er i liten grad synleg i publikasjonar, men er som hovudregel avgjerande for å forbetre praksis. Ein slik måte å arbeide på er i tråd med HFD sin forskings- og innovasjonsstrategi og i sentrale signal om forskning og innovasjon i styringsdokumentet til HFD.

Konklusjon

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport for forskning.

Forskningsaktiviteten i 2021 og første halvdel av 2022 viser at Helse Førde si forskningsverksemd veks både i form av ressursbruk og resultat. Forsking er eit sentralt satsingsområde for føretaket, og det vert difor lagt opp til ei gradvis opptrapping i åra framover. Det vil bli lagt vekt på å auke tal kliniske studiar, i samsvar med nasjonale føringar.

Vedlegg:

1. Statusrapport forskning Helse Førde 1. halvår 2022
2. Oversyn over vitenskaplege publikasjonar 2021
3. Årsrapport 2021 for forskningssatsinga folkehelse, livsstil og overvekt (FLO)
4. Årsrapport 2021 for forskningssatsinga psykisk helsevern og rus (PHR)